



Budsjett-innst. S. nr. 14

(2008–2009)

Budsjettinnstilling til Stortinget fra utenrikskomiteen

St.prp. nr. 1 (2008–2009)

Innstilling fra utenrikskomiteen om svalbardbudsjettet 2009

Til Stortinget

Komiteen fremmer i denne innstillingen forslag om bevilgninger på svalbardbudsjettet.

Nedenfor følger en oversikt over forslag til utgifter og inntekter i svalbardbudsjettet fordelt på kapittel slik de framkommer i St.prp.nr. 1 (2008–2009).

1. OVERSIKT OVER BUDSJETTKAPITTEL OG POSTAR I ST.PRP. NR. 1 (2008–2009) – SVALBARDBUDSJETTET

Kap.	Post	Formål	St.prp. nr. 1
Utgifter i hele kroner			
1		Svalbard kyrkje	3 650 000
	1	Driftsutgifter	3 650 000
2		Tilskot til kulturelle formål m.m.	960 000
	70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	960 000
3		Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	92 822 000
	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	92 822 000
5		Sysselemanden (jf. kap. 3005)	27 050 000
	1	Driftsutgifter	27 050 000
6		Sysselemandens transportteneste (jf. kap. 3006)	73 000 000
	1	Driftsutgifter	73 000 000
7		Tilfeldige utgifter	3 950 000
	1	Driftsutgifter	3 950 000
9		Kulturminnetiltak	2 100 000
	1	Driftsutgifter	2 100 000
11		Bergmeisteren (jf. kap. 3011)	1 380 000
	1	Driftsutgifter	1 380 000

Kap.	Post	Formål	St.prp. nr. 1
17		Refusjon til Norsk Polarinstitut	2 800 000
	50	Refusjon	2 800 000
18		Fyr og radiofyr	3 500 000
	1	Driftsutgifter	3 500 000
19		Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen	5 950 000
	1	Driftsutgifter	5 950 000
20		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	11 800 000
	1	Driftsutgifter	11 200 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	600 000
22		Likningsforvaltninga for Svalbard	2 700 000
	1	Driftsutgifter	2 700 000
		Sum utgifter svalbardbudsjettet	231 662 000
Inntekter i hele kroner			
3005		Sysselmannen (jf. kap. 5)	250 000
	1	Diverse inntekter	250 000
3006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)	1 200 000
	1	Leigeinntekter	1 200 000
3020		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)	3 250 000
	1	Inntekter	3 250 000
3030		Skattar og avgifter	97 110 000
	70	Skattar m.m.	91 000 000
	71	Utførselsavgift	5 000 000
	72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 110 000
3035		Tilskot frå statsbudsjettet	129 852 000
	70	Tilskot	129 852 000
		Sum inntekter svalbardbudsjettet	231 662 000

2. SAMANDRAG

2.1 Generelt

Svalbardtraktaten av 9. februar 1920 gav Noreg suverenitet over øygruppa. Sidan 1925 har Svalbard vore ein del av kongeriket Noreg. Sysselmannen er Regjeringas øvste representant og tek vare på statens interesser på øygruppa. Etter svalbardlova § 2 gjeld norsk privatrett, strafferett og lovgivinga om rettspleia utan vidare for Svalbard om ikkje anna er fastsett.

Artikkel 8 i Svalbardtraktaten avgrensar høvet til å krevje inn skattar og avgifter på Svalbard og korleis desse midlane skal nyttast. Dette er bakgrunnen for at det blir fremja eit eige svalbardbudsjett. Justisdepartementet fremjar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samtidig med statsbudsjettet. I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette er dels verksemd på Svalbard underlagt Justis-

departementet, og dels verksemd underlagt andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får og løyvingane sine over svalbardbudsjettet. Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til dekning av underskotet på svalbardbudsjettet, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009) Justisdepartementet kap. 480. Tilskotet er inntektsført på svalbardbudsjettet kap. 3035.

Svalbardbudsjettet gir òg ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål. Kvart år yt staten eit tilskot for å leggje til rette for nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard, miljøforvaltning og tiltak som drift av sjukehus i Longyearbyen. Slike utgifter blir dekte over det ordinære statsbudsjettet under kapitla til dei enkelte fagdepartementa.

2.2 Mål for norsk svalbardpolitikk

Regjeringas overordna mål for svalbardpolitikken er: ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten, korrekt overhalding av Svalbardtraktaten og

kontroll med at traktaten blir etterlevd, bevaring av ro og stabilitet i området, bevaring av den særegne villmarksnaturen i området og oppretthalding av norske samfunn på øygruppa.

Måla har sikker forankring i nasjonale interesser og haldningar, og er i samsvar med dei traktatbundne pliktene Noreg tok på seg då suvereniteten over øygruppa vart internasjonalt akseptert. I ei tid då Arktis tiltrekkjer seg aukande interesse skal svalbardpolitikken medverke til at utviklinga i nordområda kan skje på ein fredeleg måte, og til at konflikhtar blir unngått.

Regjeringa er no i gang med utarbeiding av ei ny stortingsmelding for Svalbard som skal leggjast fram for Stortinget i april 2009. Meldinga vil innehalde ein heilskapleg gjennomgang og vurdering av norsk svalbardpolitikk sett opp mot dei måla, prioriteringane og verkemidla som gjeld spesielt for Svalbard.

Svalbard er ein viktig del av nordområda våre, og ei vedvarande satsing på Svalbard i tråd med måla for norsk svalbardpolitikk vil markere at Noreg er til stades i nordområda. Å vere til stades på Svalbard bidrar til å sikre ei truverdig og effektiv forvaltning av Noregs store land- og sjøområde. Regjeringa ønskjer derfor ei robust busetjing i Longyearbyen og vil arbeide for å vidareføre eit levedyktig svalbardsamfunn der miljøforvaltning, forskning, koldrift og reiseliv blir foreina innafor rammer som sikrar at øygruppa blir teken vare på som eitt av verdas best forvalta villmarksområde.

Justisdepartementet har gjennom leiinga av Det interdepartementale polarutvalet eit overordna koordineringsansvar når det gjeld Svalbard, Jan Mayen og bilanda i Antarktis. Dette reiser særskilte utfordringar som gjer det nødvendig å sjå dei enkelte fagetatane si verksemd i desse områda i samanheng og i eit breiare perspektiv. Polarutvalet fungerer i denne samanhengen som eit verktøy for Justisdepartementet, som gjennom dette utvalet har ansvaret for å koordinere og samordne forvaltningas arbeid med polarsaker for å sikre ein heilskapleg norsk politikk i polarområda.

I tillegg til Det interdepartementale polarutvalet er Sysselmannen ein svært viktig medspelar i arbeidet med å sikre ei god forvaltning av Svalbard. Sysselmannen har funksjon som både fylkesmann, notarius publicus og politimeister. Han har òg ei viktig oppgåve som miljøforvaltar, og har den lokale kontakten med utanlandske busetnader på Svalbard.

Ein viktig medspelar i arbeidet med å utvikle lokalsamfunnet i Longyearbyen, er Longyearbyen lokalstyre. Justisdepartementet arbeider derfor for å ha ein god dialog med lokalstyret, og søkjer saman med dei å bidra til å finne gode løysingar på dei utfordringane lokalsamfunnet står overfor.

2.3 Forslag til svalbardbudsjett for 2009

Regjeringa ønskjer å bevare eit stabilt og robust norsk familiesamfunn i Longyearbyen på Svalbard for å sikre norsk nærvær i nordområda.

Budsjetttramma på svalbardbudsjettet for 2009 er 231,7 mill. kroner. Dette er 10,5 mill. kroner eller 4,7 pst. auke i forhold til vedteke budsjett for 2008. Underskotet på svalbardbudsjettet for 2009 er stipulert til 129,9 mill. kroner og blir dekt inn gjennom eit tilskot over Justisdepartementets budsjett kap. 480 Svalbardbudsjettet post 50 Tilskot. I saldert budsjett 2008 var underskotet som ble dekt inn med tilskot frå statsbudsjettet på 143,5 mill. kroner (9,5 pst. høgare enn i forslaget for 2009).

Storleiken på tilskotet har variert frå år til år, og har vorte auka ved ekstraordinære tilskotsbehov. Tilskotet som er foreslått for 2009 utgjer 56,1 pst. av dei venta inntektene. Bortsett frå statstilskotet er skattar og avgifter frå Svalbard den største inntektsposten. Skatteinntektene for 2009 er rekna til 101,8 mill. kroner. Inntektene frå skattar og avgifter utgjer 43,9 pst. av dei samla inntektene over svalbardbudsjettet.

Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Ein stor utgiftspost er Sysselmannens transportteneste, som bl.a. inkluderer utgifter til redningshelikopter. Andre store utgiftspostar er løyving til Sysselmannens ordinære drift og Statens bygningar i Longyearbyen. For 2009 er det òg foreslått å løyve 3,5 mill. kroner til dekning av Telenors samfunnspålagte oppgåver på Svalbard. Til Longyearbyen lokalstyre blir det løyvd midlar til drift av lokalstyret og tilskot til drift og utbygging av offentlege tenester og infrastruktur.

2.4 Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over statsbudsjettet

For 2009 er det foreslått løyvd netto om lag 388 mill. kroner over statsbudsjettet til svalbardformål. Dette talet omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet over Justisdepartementets kap. 480 og utgiftene til Svalbard som blir dekte over budsjetta til dei andre departementa. Inntektene frå Svalbard som går inn på budsjetta til dei andre departementa er trekte frå.

Over Miljøverndepartementets budsjett vil det bli løyvd om lag 100 mill. kroner til svalbardformål, ei auke på 8,6 pst. samanlikna med saldert budsjett 2008. Om lag 80 mill. kroner av dette går til Norsk Polarinstituttts verksemd på og rundt Svalbard. Resten går til Direktoratet for naturforvaltning (1,6 mill. kroner), Statens kartverk (13 mill. kroner) og til forskning og miljøovervaking mellom anna i regi av Noregs forskingsråd (12 mill. kroner).

Miljøvernarbeidet vil i 2009 halde fram med å ha fokus på vern av villmarksområde på Svalbard mot inngrep og forstyrring, og då særleg med tanke på

regulering av ferdsel i verneområda og vern av Svalbards kystfarvatn mot potensiell forureining.

Klimaendringane gjer seg sterkare gjeldande på Svalbard, og vi ser no truleg starten på nye, omfattande miljøutfordringar. Samtidig er Svalbards rolle og betydning som internasjonal forskingsplattform styrkt, ikkje minst når det gjeld klima, gjennom Det internasjonale polaråret. Det vil derfor bli arbeidd for å leggje til rette for ei målretta forskingsverksemd og ei effektiv miljøovervaking på Svalbard som set oss i stand til å følgje og dokumentere spesielt klimautviklinga.

Over Nærings- og handelsdepartementets budsjett vil det bli løyvd 42,1 mill. kroner til svalbardformål. Staten har eigarinteresser i følgjande selskap på Svalbard: Store Norske Spitsbergen Kullkompani AS, Kings Bay AS, Bergvesenet med Bergmeisteren for Svalbard, Svalbard Reiseliv AS, Svalbard Satellittstasjon og Svalbard Rakettskytefelt. Av desse vil to få overført statlege midlar i 2009. Kings Bay AS (kraftproduksjon) vil få 40 mill. kroner, og det er ein føresetnad at 25 mill. kroner av dette blir nytta til bygging av nytt kraftverk. Etter Regjeringas syn er det naudsynt med nytt kraftverk for å sikre stabil og miljøvennlig energiproduksjon. Svalbard Reiseliv AS vil få eit tilskot på 2,1 mill. kroner, kor målet er å medverke til auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivet ved å informere, profilere og marknadsføre Svalbard som reisemål.

Store Norske Spitsbergen Kullkompani legg planar for framtidig kolproduksjon i førekomststar som erstatning for dagens drift i Svea Nord-gruva, som venteleg går tom om 5–6 år.

Over Kunnskapsdepartementets budsjett vil det bli løyvd om lag 125 mill. kroner til svalbardformål i 2009, ei auke på 6,2 pst. Det har vore ein større auke i forskings- og utdanningsverksemda det siste tiåret. Til Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) er det foreslått eit tilskot på 82,2 mill. kroner. Tilskot vil også bli gitt til Noregs forskingsråd (16 mill. kroner), fondet for forskning og nyskaping – satsing på polar-klimaforskning (7,5 mill. kroner) og barnehagar (8,673 mill. kroner).

Det vil også bli løyvd midlar til svalbardformål over budsjetta til Kultur- og kyrkjedepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Justisdepartementet (til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap).

Det er ei eiga skattelov for Svalbard. Med verknaad frå og med inntektsåret 2008 gjorde Regjeringa visse endringar i skattesystemet for Svalbard. Etter Regjeringas syn gjer endringane skattesystemet meir tidsmessig og betre tilpassa det ordinære norske skat-

tesystemet og internasjonale rammevilkår. Frå og med inntektsåret 2007 vart det på Svalbard gitt eit eige svalbardtillegg i barnetrygda. Det er lagt til grunn at dette tillegget skal vidareførast.

3. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Olav Akselsen, Vidar Bjørnstad, Marit Nybakk, Hill-Marta Solberg og Anette Trettebergstuen, fra Fremskrittspartiet, Morten Høglund, Siv Jensen og Øyvind Vaksdal, fra Høyre, Erna Solberg og Finn Martin Vallersnes, fra Sosialistisk Venstreparti, Audun Bjørlo Lysbakken, fra Kristelig Folkeparti, Kjell Arvid Svendsen, fra Senterpartiet, Åslaug Haga, og fra Venstre, Anne Margrethe Larsen, viser til at de overordnede målene for norsk svalbardpolitikk ligger fast. Disse målene ble stadfestet under behandlingen av St.meld. nr. 40 (1985–1986) og senere bekreftet i behandlingen av St.meld. nr. 9 (1999–2000). De overordnede målene innebærer en konsekvent og fast håndheving av suvereniteten, korrekt overholdelse av og kontroll med etterlevelsen av Svalbardtraktaten, bevaring av ro, stabilitet og den særegne naturen i området, samt opprettholdelsen av norske samfunn på øygruppa.

Komiteen påpeker at Svalbard er en integrert del av våre nordområder, og at en vedvarende satsing på aktivitet og nærvær på Svalbard er i tråd med de målene som ligger fast. En fortsatt satsing på Svalbard er derfor en sentral del av norsk nordområdepolitikk. Det er viktig at Sysselmannen har nødvendige økonomiske rammer til å ivareta sine oppgaver.

Komiteen støtter at Regjeringen har satt nordområdene som ett av Norges viktigste strategiske satsingsområder i årene som kommer. Komiteen vil understreke at ivaretagelse av norske økonomiske, miljømessige og sikkerhetspolitiske interesser i nord skal prioriteres høyt. Komiteen mener det er viktig med hyppig tilstedeværelse fra Kystvakten i havområdene rundt Svalbard.

Komiteen mener det er viktig å bevare et stabilt og robust samfunn for familier i Longyearbyen for å sikre norsk nærvær i nordområdene. Komiteen er tilfreds med at tilskuddet til Longyearbyen lokalstyre foreslås økt med 4,5 pst. til 93 mill. kroner.

Komiteen påpeker at nordområdene må videreutvikles som et attraktivt turistmål, og at Svalbard her står sentralt. Videre påpeker komiteen at det arktiske landskapet er sårbart, og det er viktig at det tas hensyn til denne sårbarheten ved en videre satsing på reiseliv og turisme på Svalbard. Komiteen er

tilfreds med at Regjeringen har foreslått å bevilge 3 mill. kroner til styrket miljøovervåking på Svalbard.

Komiteen er tilfreds med at Regjeringen foreslår å bevilge 25 mill. kroner til et nytt kraftverk i Ny-Ålesund i 2009. En stabil og best mulig rensset energiproduksjon er viktig for Ny-Ålesund som base for internasjonal klimaforskning.

Komiteen legger til grunn at virkningene av klimaendringene vil bli særlig sterke i nord og i arktiske strøk. Dette vil få dramatiske konsekvenser for natur, miljø, bosetting, urfolk og næringsliv i disse områdene dersom ikke utslippene av klimagasser reduseres. Komiteen mener at naturmiljøet på Svalbard er særdeles sårbart for konsekvensene av

klimaendringene. Komiteen er fortsatt positiv til arbeidet med prosjektet "CO₂-fritt Svalbard".

Komiteen viser til at Svalbard opplever en tilstrømming av forskere som studerer den påvirkning klimaendringene har på de arktiske områdene. Komiteen vil vise til at Svalbard er en viktig arena for internasjonalt utdannings- og forskningssamarbeid i nordområdene og at det må legges til rette for at dette kan fortsette. Komiteen mener at Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) er en meget viktig del av nordområdesatsingen.

Komiteen imøteser den varslede stortingsmeldingen om Svalbard, som etter planen skal legges fram våren 2009.

4. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

I

På svalbardbudsjettet for 2009 bevilges under:

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
Utgifter				
1		Svalbard kyrkje		
	1	Driftsutgifter	3 650 000	
2		Tilskot til kulturelle formål m.m.		
	70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	960 000	
3		Tilskot til Longyearbyen lokalstyre		
	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	92 822 000	
5		Sysselemanden (jf. kap. 3005)		
	1	Driftsutgifter	27 050 000	
6		Sysselemandens transportteneste (jf. kap. 3006)		
	1	Driftsutgifter	73 000 000	
7		Tilfeldige utgifter		
	1	Driftsutgifter	3 950 000	
9		Kulturminnetiltak		
	1	Driftsutgifter	2 100 000	
11		Bergmeisteren (jf. kap. 3011)		
	1	Driftsutgifter	1 380 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
17		Refusjon til Norsk Polarinstitutt		
	50	Refusjon	2 800 000	
18		Fyr og radiofyr		
	1	Driftsutgifter	3 500 000	
19		Statens bygninger på Bjørnøya og Hopen		
	1	Driftsutgifter	5 950 000	
20		Statens bygninger i Longyearbyen (jf. kap. 3020)		
	1	Driftsutgifter	11 200 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	600 000	
22		Likningsforvaltninga for Svalbard		
	1	Driftsutgifter	2 700 000	
		Totale utgifter		231 662 000
Inntekter				
3005		Sysselmannen (jf. kap. 5)		
	1	Diverse inntekter	250 000	
3006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)		
	1	Leigeinntekter	1 200 000	
3020		Statens bygninger i Longyearbyen (jf. kap. 20)		
	1	Inntekter	3 250 000	
3030		Skattar og avgifter		
	70	Skattar m.m.	91 000 000	
	71	Utførselsavgift	5 000 000	
	72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 110 000	
3035		Tilskot frå statsbudsjettet		
	70	Tilskot	129 852 000	
		Totale inntekter		231 662 000

II

*Formues- og inntektsskatt til Svalbard for
inntektsåret 2009*

§ 1 Bruksområde for vedtaket

Dette vedtaket gjeld forskotsutskrivning og endelig utskrivning av skatt på formue og inntekt for inntektsåret 2009 etter føresegnene i lov av 29. november i 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard.

Skattepliktige som nemnde i skattebetalingslova § 1, jf. § 2, og svalbardskattelova § 5-1 første ledd, skal betale forskot på formues- og inntektsskatt til

Svalbard for inntektsåret 2009. Ved utrekninga og innbetalinga gjeld føresegnene i dette vedtaket og i skattebetalingslova.

§ 2 Skatt på formue

Skatt på formue blir utrekna etter desse satsane:

a) Personleg skattepliktig og dødsbu:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten og kommunane (maksimumssats).

- b) Selskap og samanslutning som nemnt i skattelova § 2-36 andre ledd, og som ikkje er fritekne etter skattelova kapittel 2:
Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten.

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

- a) Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrekk etter svalbardskattelova § 3-2:
Låg sats: 8 pst.
Høg sats: 22 pst.
- b) Anna inntekt: 16 pst.
Personlege skatteytarar skal ha eit frådrag i alminneleg inntekt som omfattast av b) på 20 000 kroner.

§ 4 Avrundingsreglar

Ved utrekning av skatt ved likning skal stipulert formue avrundast nedover til næraste heile 1 000 kroner, og inntekt avrundast nedover til næraste heile 100 kroner.

Ved utrekning av skatt ved lønnstrekk skal inntekta avrundast nedover til næraste heile krone.

§ 5 Normalrentesatsen for rimeleg lån i arbeidsforhold

Normalrentesatsen som nemnd i skattelova § 5-12 fjerde ledd, jf. svalbardskattelova §§ 3-1 og 3-2, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

III

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i 2009 kan bestille varer for inntil 3 mill. kroner ut over den totale løyvinga som er gitt under kap. 5 post 1 på svalbardbudsjetten.

IV

Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i 2009 kan overskride løyvinga under

1. kap. 5 post 1, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3005 post 2
2. kap. 6 post 1, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3006 post 2.

V

Avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2009

For budsjetterminen 2009 skal det svarast avgift til statskassen av kol som blir utført frå Svalbard, etter følgjande satsar:

- 1,0 pst. av verdien for dei første 100 000 tonna,
- 0,9 pst. av verdien for dei neste 200 000 tonna,
- 0,8 pst. av verdien for dei neste 300 000 tonna,
- 0,7 pst. av verdien for dei neste 400 000 tonna,
- 0,6 pst. av verdien for dei neste 500 000 tonna,
- 0,5 pst. av verdien for dei neste 600 000 tonna,
- 0,4 pst. av verdien for dei neste 700 000 tonna,
- 0,3 pst. av verdien for dei neste 800 000 tonna,
- 0,2 pst. av verdien for dei neste 900 000 tonna.
- 0,1 pst. av verdien for dei neste 1 000 000 tonna.

Oslo, i utenrikskomiteen, den 3. desember 2008

Olav Akselsen
leder

Hill-Marta Solberg
ordfører

